



Barne-, ungdoms- og familieetaten

KASA ungdomssenter - Bergen

Jobbnorge-ID: 117660

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Miljøterapeuter - 2 faste 100 % stillinger

Ved KASA ungdomssenter - Bergen er det ledig to faste 100 % stillingar som miljøterapeut.

Arbeidsoppgåver/ansvarsområde

Oppgåvene til miljøterapeutane er å gi heilskapleg omsorg og utviklingsstøtte til barna. I tillegg til dette er samarbeid internt og eksternt ein sentral del av arbeidet. Vi nemner kort stikkord på oppgåver:

- Dagleg oppfølging av barna/ungdommane i avdelinga samt på andre arenaer. Det gjeld både arbeid med basisomsorg (mat, klær, reinhald m.m) samt på skule og fritidsaktivitetar.
- Skrivning av dag-rapportar, og skrivning av ulike planar og rapportar som gjeld det enkelte barn både for eksterne og interne samarbeidspartar. Må derfor ha god skriftleg framstillingsevne.
- Mykje vert gjort i team, men ein må òg kunne jobbe sjølvstendig på fleire av oppgåvene.
- Kontakt og samarbeid med barnevernteneste, familie/nettverk samt skular/ot/ppt og bup gjennom møter, tlf og rapportering.

Kvalifikasjonar

- 3-årig høgskuleutdanning (barnevernspedagog, sosionom eller vernepleiar).
- Førarkort for personbil.

KASA har alltid hatt lik fordeling i høve til kjønn på alle avdelingar. Dette i samanheng tryggleik og moglegheiter for barna som er av begge kjønn. Tilsetjing må ivareta dette perspektivet.

Personlege eigenskapar

Vi søker personar som kan kommunisere og samarbeide på dei ulike områda. Særs viktig å ha evne til å skape dialog med barna som ofte står i avvising av voksne, samt med foreldre/biologisk nettverk som av ulike (og gode) grunnar kan ha eit dårleg utgangspunkt for eit fungerande samarbeid. Strukturert/punktleig og ryddig i høve til internt og eksternt samarbeid.

Etaten jobbar kontinuerleg med omstilling og søkerarar må ha evne til tåle omstilling og vere fleksibel i høve til at oppgåvene kan endrast.

Ettersom det faglege arbeidet i feltet er i utvikling på grunn av forskning og empiri, vil evne og vilje til fagleg oppdatering og utvikling vere sentral. Vi treng søkerarar som har ei genuin tru på endring og utvikling hos barn med tilknytningsvanskar. Voksne som forstår uhensiktsmessig atferd som uttrykk for tidlegare vonde opplevingar og som kan handtere dette på ein måte som fremjar utvikling og vekst hos barnet og fremjar eiga og kollegane si fagutvikling. Vi treng personar som kjenner seg sjølv i samhandling med andre og såleis kan tole å stå i motstand og kunne romme frustrasjonar og utagering hos barna. Personar som er istand til å ta vare på seg sjølv og evnar å bruke eiga fritid slik at ein kan møte barna med overskudd og forståing også når det er utfordringar på jobb. Vi søker etter personar som er veildningsbar ved at dei evnar å ta andre sitt perspektiv ved "å sjå seg sjølv utifrå og dei andre innifrå" (mentaliserings). Røynsle frå mentaliseringsbasert behandling og arbeid med traumebevisst omsorg vil vera ein føremonn.

Vi tilbyr

- Eit godt arbeids- og fagmiljø. Gode kolleger.
- Fast internrettleging kvar veke (unnteke i helger).
- Utfordrande og krevjande oppgåver i arbeidet med barn og unge og deira familiar, men samstundes lærerikt og spanande samarbeid med andre.
- Mulighet for eiga fagutvikling i fellesskap med andre.
- Fagdagar både avdelingsvis og på tvers i KASA ungdomssenter.
- Stillingane er plassert i statleg lønnsregulativ i stillingskode 1494 sosionom, 1495 barnevernspedagog eller 1508 vernepleiar, LR 15, alt. 1-18, ltr. 36-55 (p.t. kr. 351 900-467 700 pr. år).
- Løn vert vurdert etter utdanning og erfaring.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse jf. Lov om Statens Pensjonskasse, som inneber ei god tenestepensjonsordning, tilbod om bustadlån til gunstig rente og yrkesskade- og gruppelivsforsikring.

Generelle opplysningar:

- Staten legg vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søkja - uavhengig av alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Bufetat har som eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttera personar med fleirkulturell bakgrunn.
- Stillinga er for tida lagt til KASA ungdomssenter Bergen
- Politiattest vert kravd framlagt ved tiltredinga, jf. lov om barnevern § 6-10 og forskrift om politiattest § 6. Denne attesten skal ikkjeleggjast ved søknaden

- Bufetat er ei IA (Inkluderande Arbeidsliv) -verksemd.
- Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført opp på søkjarlista, jf. Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova), § 25.

Kontaktperson for stillinga

- Leiar Rolf Arne Nygård, tlf. 466 19 632
- Avdelingsleiar Johan Kjerstad, tlf. 466 19 623
- Avdelingsleiar Linda B. Berge, tlf. 46619631

Søknad med CV vert å senda elektronisk via lenkje på denne sida.

Vitnemål og attestar skal takast med ved eit evt. intervju eller leggjast ved elektronisk.

Søknadsfrist: 12.10.2015

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: